

Etablering av stølskulturlandskap på Sunnfjord Museum

Etablering og
skjøtsel av
kulturlandskap på
museum

DEL 2

*Liv Byrkjeland
og
Marie Pettersson*

2007



FØREORD

Denne rapporten er del 2 av det ABMU-finansierte prosjektet ”Utvikling av metodar for etablering og skjøtsel av kulturlandskap på museum”. Dette er eit felles prosjekt for Nordfjord Folkemuseum, Sunnfjord Museum og De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum. I tillegg har Nasjonalt museumsnettverk for kulturlandskap og Høgskulen i Sogn og Fjordane vore sentrale i diskusjonane og i formidlinga av resultat frå prosjektet.

Del 2 omhandlar tiltak som er gjort på Sunnfjord Museum samt litteraturstudie og diskusjon av problemstillingar knytt til prosjektet der.

Prosjektet har vorte gjennomført i 2006 av prosjektmedarbeidar og høgskulekandidat Marie Pettersson. Prosjektleiar har vore Cand. Scient Liv Byrkjeland som har fellesstilling som naturhistorisk konservator i Sogn og Fjordane. Alle fotografi i rapporten er teke av Marie Pettersson eller Liv Byrkjeland dersom anna kjelde ikkje er oppgitt. Framsidebilda viser stølsområdet på Sunnfjord Museum slik det såg ut før tiltaket i april 2006 (vesle bildet) og etter tiltaket i september 2006 (store bildet)

Vi vil med dette rette ein takk til alle som har delteke i diskusjonane om problemstillingar knytt til etablering og skjøtsel av kulturlandskap på museum.

INNHALD:

| | |
|--|----|
| I. MÅLSETJING..... | 3 |
| II. INNLEIING..... | 3 |
| III. GJENNOMFØRING AV PROSJEKTET | 4 |
| 3.1. Opning av landskapet..... | 4 |
| 3.2. Planering og påfyll av jord..... | 4 |
| 3.3. Kalking og gjødsling..... | 5 |
| 3.4. Gjerding | 5 |
| 3.5. Vatn..... | 7 |
| 3.6. Andre element på stølen | 7 |
| 3.7. Etablering av vegetasjon..... | 8 |
| IV. LITTERATURSTUDIE..... | 10 |
| 4.1. Stølar i Sunnfjord..... | 10 |
| 4.2. Val av plass | 12 |
| 4.3. Innhegningar - stølskviene..... | 12 |
| 4.4. Gjødsel på stølen..... | 14 |
| 4.5. Gjerdetypar i utmarka | 14 |
| 4.6. Vegetasjon på stølane | 14 |
| 4.7. Slått og slåttemarkar | 15 |
| 4.8. Andre strukturar og bygningar på stølen | 16 |
| V. DISKUSJON | 17 |
| 5.1. Aktuelle problemstillingar | 17 |
| 5.2. Oppsummering av diskusjonane | 18 |
| 5.2.1. Målsetjingar..... | 18 |
| 5.2.2. Artsmangfald eller landskapsbilete?..... | 18 |
| 5.2.3. Kva stølstype skal gjenskapast på museet? | 18 |
| 5.2.4. Beite eller slått?..... | 18 |
| 5.2.5. Kva tidsbilete skal stølen vise?..... | 19 |
| 5.2.6. Effektivisering – bruk av moderne skjøtelsesmetodar | 19 |
| 5.3. Vurdering av vegetasjonsetableringa..... | 19 |
| 5.4. Vurdering av slåttekvia | 20 |
| 5.5. Vurdering av bekken..... | 20 |
| VI. OPPSUMMERING..... | 21 |
| VIII. LITTERATUR | 23 |

I. MÅLSETJING

Hovudmålet tiltaka i dette prosjektet er å utvikle metodar for etablering og skjøtsel av kulturlandskap på museum.

Delmål:

1. Etablere kulturlandskap som høyrer saman med stølsbygningane på Sunnfjord Museum.
2. Setje fokus på sentrale problemstillingar rundt etablering av tidsrette kulturlandskap og effektivisering av skjøtsel.
3. Fremje læring og formidling om kulturlandskap.
4. Utvikle samarbeid regionalt i Sogn og Fjordane og nasjonalt gjennom kunnskapsutveksling og diskusjon i Nasjonalt Museumsnettverk for Kulturlandskap.
5. Fagleg oppfølging av handlingsplanar.

II. INNLEIING

Tiltaka på Sunnfjord Museum handla om å etablere kulturlandskap og kulturlandskapselement som skapar ei så tidsrett landskapsramme rundt stølshusa på museet som mogeleg.

Sunnfjord Museum har tidlegare laga både drifts- og skjøtelsplan over museumsområdet og ein oppfylgjande handlingsplan (Hjellebrekke & Kluck 1994, Byrkjeland 2005).

I løpet av 2004-2006 vart det sett opp fire små stølshus; tre sel og ein fjøs på museet (figur 1). Stølen ligg ved den populære Mostien, ein natursti som stølen no vert ein del av. Stølshusa er sett opp tett ved ein granskog på friluftsmuseet som ligg rundt 80 moh. Det er rundt desse husa det skal lagast eit kulturlandskap. I utgangspunktet var det ønske om å skape ein stølsvoll, ei slåttekvie og ei rekkje kulturlandskapselement; kløvstein, bekk, kjelde og ulike typar gjerde.

Er det mogeleg å få til eit tidsrett stølskulturlandskap som ligg i låglandet? Kva tidsperiode skal veljast, og kva type landskap skal lagast? Dette er nokre av dei sentrale spørsmåla som har vore tema i prosessen med å lage stølskulturlandskap på Sunnfjord Museum.



Figur 1. Utgangspunktet for prosjektet. Foto frå 2004.

III. GJENNOMFØRING AV PROSJEKTET

Drifts- og skjøtelsesplanane for friluftsområdet vart lagt til grunn for planlegginga av tiltaka på stølsvollen. I tillegg har det vore tilpassingar undervegs.

I løpet av 2004 - 2006 vart det sett opp fire små stølshus på området, tre sel og ein fjøs (flor). Fjøsen er frå Årli i Gaular kommune. Brukarane hadde vanlegvis 3 kyr og nokre sauer og geiter der. Den vart flytta dit frå Roska på Viksdalen på slutten av 1800-talet. Sel nr. 1 (figur 1) er "Selet hass Moses frå fjellstøylen", Hegrenes i Jølster. Sel nr. 3 Hågaselet frå Indrebøstølen, frå Angedalen i Førde Sel nr. 2 er Kvammeselet frå Skarstølen, Hegrenes i Jølster (figur 5). Det vart rydda ein liten stølsvoll der sela vart sett opp. Rundt sela er det mykje fjell i dagen. Over stølen er det ein bratt skrent opp mot Storhaugen. På begge sider av stølsvollen er det fuktig lyngmark med fuktig sig ned mot ei myr. Vegetasjonstypen er fuktig og moserik røsslyng-furuskog med innplanta gran.

3.1. Opning av landskapet

Sunnfjord Museum starta det nye prosjektet med å fjerne meir tre frå området vinteren 2004/2005 (figur 2 og 3). Elevar ved Mo vidaregåande skule gjorde arbeidet. Etersom det var mest gran og litt furu som stod der vart all skog fjerna, bortsett frå ei lita rogn som vart sett att med tanke på seinare lauving (figur 12).

Det var hogge ca 50 graner og mykje kratt slik at det var opna eit område på ca 1,5 da rundt stølen. Av dei felte trea vart alle greinar og kvistar brent opp. Så kunne resten av jordbrøytinga byrja når vinteren slapp taket.

3.2. Planering og påfyll av jord

Heile stølsområdet vart grave opp med gravemaskin (figur 4). Det var lite jord på området. Noko av myrjorda vart brukt øvst på stølsområdet, men det var trong for meir jord. Mesteparten av den nye jorda vart henta frå eit



Figur2 og 3. Hogging av skog rundt stølshusa. Steinen skal seinare brukast til kløvstein på stølsvollen.

byggjefelt på Hafstad i Førde. Jorda hadde ukjent opphav, men det var den jorda det var mogeleg å få tak i akkurat då.

Nokre av trestubbane etter ryddinga vart fjerna under jordbrøytinga, men mange vart sett att. Der stammane stakk opp for mykje var det fylt på med jord.

3.3. Kalking og gjødsling

Heile området der stølen ligg har vore tilplanta med gran. Gran har normalt ei forsurende effekt på marka, og det vart difor valt å kalka jorda. Det var totalt brukt 800 kg kalk på området (ca. 0,5 kg pr. m²) (figur 5).

Før kunstgjødsla si tid var det mange stader vanligast å bruka sauemøk på enga. Storfegjødsla hadde ein struktur som ikkje var særleg egna for eng (Pettersson 2006). Problemet med sauemøk er at den kan innehalda mykje frø. Den møka museet greidde å få tak i var nokså fersk sauemøk. Det vart brukt totalt 1200 kg sauemøk på området (ca. 0,8 kg pr. m²). Møka vart spreidd og hakka sund med rive. Det vart og lagt ein møkadunge bak fjøsen.

3.4. Gjerding

I førebuingsarbeidet vart det tenkt igjennom kva slags typar gjerde som skulle vera representert på stølen. Det har frå gamalt av vore vanleg med steingardar. Går ein på stølar no til dags ser ein at det er mange låge steingardar som står att. Dei er så låge at dei ikkje kunne halde dyra inne/ute, men det som var vanleg var å ha ein risgard på toppen. Risgard er ein type gjerde som var svært vanleg før, men som ein sjeldan ser no. Tanken er å ha ein steingard langs heile eine sida av stølsområdet. Steingarden skal vera høg eit stykkje, lenger nede skal det vere risgard på toppen. Steingarden skal innehalda mest mogeleg lokal stein. I tillegg vil museet vise ein stikkegard som var vanleg i Sunnfjord før.



Figur 4 og 5. Jordarbeid, kalking og gjødsling.

Emne av einer (sprakje) til stikkegard vart hogd tidleg på vinteren. Den 29 meter lange stikkegarden vart sett opp på vestsida av stølen (figur 6). Gjerdet vart delt i to av ein stor stein. På begge sider var det sett opp staurar med om lag halvanna meters avstand. Tjukk streng (løypestreng) var så sett fast oppe på staurane. Det var ikkje nok løypestreng til å ha både oppe og nede, så me valde å ha ein litt tynnare type nedst. Strengane var festa med ei gjerdekrampe til kvar staur. Så vart stikkene festa til strengane. Løypestrengen var tung å arbeida med, men gjerdet vart stabilt.

Stikkene vart hogd av i passe lengde. Det var viktig at lengda ikkje var den same heile vegen. Det vart brukt om lag ti stikker på ein meter. I alt vart det brukt ca. fire dagsverk på stikkegarden.

Nedom stikkagarden vart det laga ein fjølgard på om lag 15 m (figur 6). På gamle bilete frå stølar kan ein sjå ulike typar fjølgardar. Det var vanleg å bruka det materialet som var tilgjengeleg, og det var ikkje alltid at garden såg så rydding og pen ut.

Museet hadde skaffa fjøler av litt dårlegare kvalitet, men dei såg framleis fine ut. Ein kunne og ha brukt hun, men det var vanskelige å få tak i. Fjølene vil gråna og sjå eldre ut etter ei tid ute.

Det siste stykket opp til fjøsen vart det laga grinder. Grindene er laga etter mal frå gamle stølsfoto. Om vinteren skal grindene fjernast slik at dei ikkje vert øydelagde av snø.

Steingarden på austsida av stølsvollen vart om lag 32 meter lang (figur 7). Det var funne ein del stein under gravemaskinarbeidet då stølsvollen vart planert og bekken vart graven opp. Dette var ikkje nok, så det vart kjøpt meir halvrunna stein. Det var viktig å bruka stein som kunne vore i jorda der, og som ikkje skilde seg for mykje ut. Det vart laga dobbel port der Mostien går inn/ut, ein brei for traktor og ein smalare for gåande. Nedover mot porten vart det laga risgard oppå steingarden. Til gjerdematerial vart det nytta einer.



Figur 6. Stikkegard og fjølgard gjerder inn stølen på vestsida.

Resten av stølsområdet vart inngjerda med nettinggjerde. Det var i utgangspunktet ei mellombels løysing for at ikkje dyra skal kome inn på stølsområde første året. Det vart brukt eit sekskanta nettinggjerde som fanst allereie kring 1900 (Norsk Etnologisk Gransking:15). Gjerdetypen kan dermed illustrere same tidsperioden som stikkagarden der det også er brukt streng.

3.5. Vatn

Det finst ikkje noko naturleg vatn på stølsområdet. Historisk ville ein aldri bygd ein støl der det ikkje var tilgong til vatn. Difor måtte det lagast ei kjelde og ein bekk. Dette vart gjort samstundes som gravemaskina arbeidde med jorda.

Det er eit naturleg vassig på vestsida av stølen. Då entreprenøren byrja grave der fann han mykje stein til steingarden. Han grov difor litt meir enn han elles skulle gjort. Bekken vart bygd med tersklar, slik at den held betre på vatnet.

Det tok lang tid for vatnet å klarne på grunn av myrjorda og at det er mykje leire i oppkoma. Eit anna problem var at bekken laga store opne sår i jorda, særleg gjeld dette i myra. Dette vil sannsynlegvis gro til med mose (Knut Rydgren, pers. medd.). Det vart gjort nokre spede forsøk på å plante slåttestorr på den staden der det var som breiast, og det vart strødd litt torvmose over. Dette vart gjort for å sjå om suksesjonen kom raskare i gang her.

Arbeidet med vatnet vart ikkje ferdig. Det er under vurdering om botnen skal reinsast, og om det skal leggjast duk og grus i bekken. Slik kan vatnet bli klarare, og grøfta vil likne meir på ein bekk.

3.6. Andre element på stølen

Landskap og materiale som fanst på området vart utnytta slik ein trur det kunne vore brukt for hundre år sidan. Heller vart lagt mellom husa, og den store steinen ovanfor stølshusa vart brukt til å illustrere ein kløvstein (figur 2). Kløvsteinar vart brukt då dei skulle løfte tunge kløver på hesten.



Figur 7 og 8. Steingard og bekk.

3.7. Etablering av vegetasjon

Tidleg i juni vart området tromla og sådd med grasfrø (figur 9 og 10). Å finne riktig frøblanding var ikkje lett. Dei fleste som sel frø er enten fokusert på produksjon og/eller har masse utenlandske artar. På stølsområdet var det føreslege m.a. tunrapp (*Poa annua* L) i staden for den vanlege fjellrappen på stølsvollen (Byrkjeland 2005, Auestad pers. medd.). Det er ein art som bøndene vil ha vekk, slik at det er ikkje nokon som sel det. Både Felleskjøpet og Agrokonsult, to frøfirma som museet var i kontakt med, frårådde å så tunrapp. Dei meinte den ville kome med dyr og folk likevel. Agrokonsult var det firmaet som elles hadde flest artar; dei har artar som blåkoll (*Prunella vulgaris*) og gulaks (*Anthoxanthum odoratum*). Skal ein kjøpe slike frø må ein rekna med at det kostar mykje. Museet hadde ein del gamle engfrø frå ei tradisjonsrik slåtteng på museumsområdet som blant anna inneheldt mykje gulaks (Austad et. al. 2004). Spørsmålet var om frøa var for gamle, og om dette var høvelege frø for stølen. Frøa hadde lege i ein plastsekk i to år og spireevna var truleg kraftig redusert. Det var i alle fall lite som spira då dei vart brukt på eit av stølstaka. Det vart difor valt å kjøpa frø til stølsområdet.

Av dei artar som var å kjøpa, fall valet på ei blanding av engkvein (*Agrostis tenuis* Sibth.) , raudsvingel (*Festuca rubra* L.)og engrapp (*Poa pratensis* L.). Den siste skulle på ein måte substituera tunrappen/fjellrappen. Det var den som skulle gje den irrgroene fargen som er vanleg rundt mange stølshus. Museet fekk rådet om å bruka engrapp av ein liten art, type smårapp (Auestad pers.medd). Det skulle heller vera plengras enn fôrplante. Engkvein, raudsvingel og engrapp er typiske artar for det vi i dag kallar naturenger (Lars Nesheim pers. medd).

På Felleskjøp Øst Vest sentralt hadde dei alle tre artane i norske arter, og var hyggelege nok å gje frøa til museet fordi det var så lite areal. Til eit mål estimerte Felleskjøpet 3kg. Det vart blanda 20% engkvein (Leikvin), 40% raudsvingel (Leik) og 40% engrapp (ryss), dette skal gje ei fordeling på 40% engkvein og 30% av dei andre to (grunna ulike storleikar på frø). Engkvein og raudsvingel er fôrplanter medan engrapp er for plen.



Figur 9 og 10. Jon Barlund tromlar området før Marie Pettersson sår. Den tilførte jorda på nedsida av stølshusa har allereie starta spiringa, noko som inneber at den inneheld uønska frø og røter.

Nokre artar som var vanlege på stølsvollar (sjå tabell 3) og som ikkje finst å få kjøpt, vart flytta frå nærliggjande område. Myrfiol (*Viola palustris*), tepperot (*Potentilla erecta*), og slåttestarr(*Carex fusca*), vart flytta i juni og planta ut på eit par plassar rundt om på området.

Slåttestarren vart planta på dei fuktigare partia over stølshusa (figur 11). Felles for alle er at dei vart planta ved steinar eller ander stadar der me ikkje skulle skada dei så mykje ved arbeidet på stølen. I september hadde alle plantane rotfesta seg godt, og såg ut til å ha det bra. Særleg slåttestarren stod fint (figur 13).

Ut over sommaren kom både det sådde graset og ugraset fint. Særleg på nedsida av stølshusa der det var tilført mykje ny jord kom det mykje uønska raigras (*Lolium multiflorum* var. *westerwoldicum*) og ein del kveke (*Elymus repens*). Desse høyrer ikkje heime på ein stølsvoll, særleg er raigraset uønska på stølen fordi det er ein utanlandsk art som er innført i jordbruket i seinare tid. Det vart difor slått to gonger nedanfor stølshusa for å prøve å fjerne dette (figur 12).

Det fanst også andre uønska planter på området. Bak fjøsen der møka låg, og på oppsida av stølshusa, kom det opp høymole (*Runex longifolius*) (figur 14). Dette er ei plante som er typisk på moderne gjødsla innmark i låglandet, og den passar ikkje på ein gamal støl. Elles var det mykje arve, truleg vassarve (*Stellaria media*) som hadde kome med møka, og ein del mynte (*Mentha sp.*) som høver dårleg på ein støl. Det kom og opp litt engreverumpe og brennesle (*Urtica dioeca*). Brennesle er ei vanleg plante på stølar, særleg rundt fjøsane. Andre typiske ugrasartar var hønsegras (*Polygonum persicaria*). Elles fanst og litt einstape (*Pteridium aquilinum*) ved steingarden og oppom fjøsen som bør vekk frå stølsområdet. Det er gjort forskning på Lyngheisenteret om korleis ein kan bli kvitt einstapen. Forskinga konkluderar med at slått to gonger pr. sesong er beste metoden for å bli kvitt einstapen (Måren & Eklund 2005). På oppsida av stølshusa såg det sådde graset finast ut. Det var lite ugras på område der, truleg fordi det var brukt myrjord (framsidefoto).



Figur 11. Slåttestarr som er flytta som plante.

Figur 12. Jon slår område som er dominert av uønska grastypar.



Figur 13. Den planta slåttstarren veks fint.

Figur 14. Høymole nedom fjøset.

IV. LITTERATURSTUDIE

4.1. Stølar i Sunnfjord

Det som kjenneteiknar geografien i Sunnfjord er dei to parallelle fjordane med dalane og vatna innafor. Viks- og Haukedalsvatna er ei forlenging av Dalsfjorden, og Jølstravatnet er ei forlenging av Førdefjorden. Landskapet og klima endrar seg svært frå kyst til innland. I slikt eit omskifteleg natur og vêrlag, laut det å verta mange ulikskapar i stølsdrift frå bygd til bygd og frå grend til grend (Ve 1950).

Sogn og Fjordane er største stølsfylket i landet (Sætherskar 1953, Lothe 1954). Stølsbruket i Sunnfjord er svært varierende med gode fjellbeite og fjellstølar i Indre Sunnfjord, til dårlegare fjellbeite og mindre stølsbruk lenger ut mot kysten.

Stølsdrifta har ikkje vore like utbreidd over heile fylket. På dei større øyane og i fjordane ligg stølane med sel og fjøs ofte ganske nær gardane (Ve 1950). I følgje Grude (1891) var det tre herad i Sunnfjord som ikkje dreiv med eigentleg stølsdrift.

Nemninga støl har fleire meiningar i Sunnfjord, og i litteraturen kan definisjonane av ulike typar vere ganske forvirrande. Frå gamalt av var det vanleg at ein støl var synonymt med mjølkeplass. Ordet fekk etter kvart same tydinga som seter. Mange stadar i fylket har stølsbruket hatt ei enkel utforming med eit lite overnattingshus, mange stader utan fjøs, ofte berre eit oppmura rom under selet. I Sunnfjord var det vanlegast å ha berre ein støl. Stølen låg ofte under skoggrensa., dei fleste mellom 300 og 600 m.o.h. Avstanden til stølen var kort, og stølsjenta gjekk til og frå kvar dag. Ho gjekk opp om ettermiddagen og bar ned att mjølka om morgonen slik at ho overnatta på stølen (Lothe 1954). Desse stølane vart ofte kalla *mjølkeseterbruk* eller *halvseterbruk* (Kvinge 1998)

Det reindyrka mjølkeseterbruket høyrer heime i område der setervegane er relativt korte, og der krøtertalet på kvart gardsbruk er lite. Ei budeie kunne bera heim opp til 24 liter mjølk, dvs mjølka av tre til fire gode kyr. Dei

som hadde leigefe hjå andre måtte som regel hente mjølka si sjølv. Denne seterbrukstypen finn me først og fremst i dei ytre bygdene på Vestlandet (Reinton 1955).

For mange bønder var det viktig å ha mest mogeleg arbeidshjelp heime i travlaste onnetida, og budeiene gjekk difor til og frå stølen kvar dag sjølv om det kunne vere opp til 8-10 km å gå kvar veg (Sundt 1956, Reinton 1955). Var vegane for lange og dei hadde etter måten mange krøter, let likevel budeia ofte det meste av mjølka stå att på stølen og låg over fleire dagar i veka og kinna, ysta og koka prim (Reinton 1955). I Førde og Gaular vart stølstypen som låg såpass langt frå garden at det tok for lang tid å gå fram og tilbake kvar dag, kalla *sommarstøl*. Budeia flytta til sommarstølen og foredla mjølka der, og gjekk heim til garden kva veke eller sjeldnare (Hjellbrekke & Kluck 1994).

Fullseterbruk var vanligast i dei indre delane av Sunnfjord. (Sunnfjord Museum 1985). Det som særprega denne typen var at den låg så langt vekk frå garden at folk vart bufaste her under store deler av sommaren. All tilreining av mjølk vart gjort på stølen.

Dei beste fjellbeita fann ein i dei indre fjordbygdene, særleg i Indre Sogn, men Indre Nordfjord og Indre Sunnfjord hadde og rimeleg gode beite (Lunde 1953). Både mjølkeseterbruk og fullseterbruk vart brukte i same område. Nedlegging av mjølkeseterbruka kom tidlegare enn fullseterbruka (Bull 1929).

Dersom sommarstølen låg så høgt opp at det vart seint snøfritt, var det vanleg å ha ein *vårstøl* (skogsstøl, heimeseter) i tillegg. (Reinton 1955). Mange bønder fann det tenleg å bruka vårstølen på før- og ettersommaren. I juli og august var det vanlegvis betre beite for kyrne på fjellet, og skogsbeitet hadde dessutan godt av å få gro uforstyrtra nokre veker (Sundt 1956).

Tabell 1 og 2 viser kor mange stølar det var av dei ulike typane i Gaular, Førde og Naustdal og Jølster i 1880-åra, og kva høgde over havet dei fanst

TABELL 1. Talet matrikelgardar som hadde støl i 1880-åra

| Kommune | Totalt | Sommarstøl | Vårstøl | % med støl |
|----------------|--------|------------|---------|------------|
| Gaular | 129 | 129 | 0 | 100 |
| Førde/Naustdal | 153 | 145 | ? | 95 |
| Jølster | 72 | 72 | 0 | 100 |

TABELL 2. Plassering av stølane i landskapet i Sunnfjord i 1850 åra

| Kommune | Stølstype | 0-300moh | 300-600moh | Over 600moh |
|----------|------------------------|----------|------------|-------------|
| Gaular | sommarstøl | | 83 | |
| Jølster | Mjølke- /sommarstøl | 3 | 56 | 44 |
| Naustdal | Mjølkestøl | 24 | 70 | 1 |



Figur 14. Stølane var viktige både som beitemark og som slåttemark. Foto frå stølen til garden Grøning i Førde kommune (Førsund 1990).

(Timberlid 1988). Tabellane tek utgangspunkt i Grude (1891) sine oppgåver. Opplysingane er henta fram frå intervju med lokalpersonar, men materialet er usikkert, noko Grude og understrekar.

4.2. Val av plass

Kvalitet på beitet var som regel avgjerande for val av plass til stølen. Beitet i skogen er oftast ikkje så næringsrikt som fjellbeita. Stølane vart difor plasserte oppe i høgda, men di høgde ein kom, di kortare var beitesesongen (Timberlid 1988, Lothe 1954). Fordelen med å flytta dyra til fjells var tilgangen på friskt ungt beite. Di yngre beitet er, di meir næringsrikt fôr gjev det. Ungt fjellbeite har ein fôringskonsentrasjon på linje med kraftfôr, men er rikare og meir allsidig. Den beste stølshøgda var rundt tregrensa der det var rimeleg lang beitetid samstundes som beitet var næringsrikt og rikeleg. (Lothe 1954).

I tillegg til godt beite og avstand til beite, var klima også avgjerande for plasseringa. Ein valde gjerne ein lun stad i ly frå kastevind og trygg for fonner og skreder (Lothe 1954). Tabell 2 viser i kva høgde over havet stølane i dei tre Sunnfjordkommunane Gaular, Jølster og Naustal var plasserte (Timberlid 1988).

Dyra likar seg dårleg på vêrharde stader, dei vil ha ly frå vind og drev. Mjølka minkar fort når det set inn med regn og ruskever (Ve 1950). Det var og ein fordel om plassen hadde god utsikt. Ein viktig føresetnad var at det måtte vera vatn lett tilgjengeleg, og vegen til stølen burde ikkje vera for lang og tung (Lothe 1954). Dersom ein skulle tilverke mjølkeprodukt var det og viktig å ha ved i nærleiken. Særleg i geitostkokinga vart det brukt mykje ved. Det var når geitostkokinga var på det mest omfattande at det vart vanskeleg med ved. Nokre stader flytta dei difor stølen nærare skogkanten. Mange stadar kan ein sjå tuftene etter at sela har vore flytta både ei og to gonger (Ve 1950).

Stølane var viktige både som beitemark og slåttemark. Mange stader i Sunnfjord var stølane meir eit slåtteseterbruk for å skaffe fôr, og

seterdrifta vart kombinert med slått (Naustdal kommune 1995). På stølen til bruket Grøning i Førde slo dei 19 da på stølen i 1949 (figur 14). Mykje av fôret, bortimot halvparten av høyet, vart henta i utmarka (Førsund 1990, Øye 2006). Høyet måtte fraktast heim om vinteren, slik at utmarksløene måtte vere framkommelege med hest og slede, og ikkje ligge for langt frå bygda (Grude 1891).

4.3. Innhegningar - stølskviene

På mange stølar var det vanleg med ei inngjerda slåttemark eller kvie (Grude 1891). Akkurat som heimebøen frå gammalt av var delt i teigar, vart også stølsvollen i regelen delt opp i teigar av ulik form og storleik (Sundt 1956). Det kunne vera mange kvier på ein støl (Byrkjeland 2005). Slåttemarka på stølen var som regel inngjerda, men teigane kunne også merkast med bytesteinar (Råd 2001, Kvinge 1998).

I Sunnfjord kan det sjå ut som det har vore to typar slåttekvie. I følge Grude (1891) vart kviene plasserte anten rett ved stølshusa ”*slik at kreatura kan kome inn til sida av huset*”, eller at innhegninga ligg eit stykke frå husa. På figur 15, 16 og 17 er det vist døme på desse to typane. På Norddalsstølane i Holsen var den inngjerda slåttekvia nedanfor stølshusa. Kvia er tydeleg inngjerda, og graset vart hesja (figur 15). Dette var den vanlegaste plasseringa av slåttekviene på stølane i fylket fordi



Figur 15. Slåttekvia med hesjar på Norddalsstølane i Holsen.



Figur 16. Inngjerding rundt stølshusa på Høgsetstølen i 1946. Johannes Ludvik Holsen og Laura Høgset Røysland. Denne stølskvia vart slått til ut på 1950 talet. (Førsund 1990)

Gjødselsiget frå stølen gjorde det meir grøderikt her (Kvinge 1998, Roald 1999).

På Høgsetstølen og Kinnastølen i Førde kommune var slåttekvia inngjerda tett inntil og rundt stølshusa (figur 16 og 17) (Førsund 1990). Dette var truleg vanlegare i Sunnfjord enn elles i fylket.

Grude (1891) skriv at ”hyppigast er kvier å sjå ved vårstølane, som ikkje så sjeldan ligg vakkert og lunt til nede i bjørkelia”. Storleiken på kvia kunne variere frå eit par dekar opp til ein hektar eller meir. Lothe skriv i 1954 om sæterdrift og beite at ”vidda av kvia plar ikkje å vera særleg stor, og vil jamnast vera for lita til full beiting. ...stølskviene er ofte meir eller mindre vassjuka, og drenering må til om beitet skal bli godt”. Her vart med andre ord kvia beita.



Figur 17. Nesselet på Kinnastølen. Under selet var det fjøs. Høyet frå slåttekvia vart lagra i utselet. Tilbygget var til kyr. Foto: Anny Verset 1954 (Førsund 1990).

I bygdebok til Førde kommune står det under garden Frøysland: ”Stølskviene der stod ei uteløe og eit lite inngjerda stykke omkring nogle hesjer for at værne høet (...) for ei at opædes af kreaturene og difor kaldes hæsjestøe” (Førsund 1990). Her vart dyra haldne vekke frå kvia.

Mjølkeklassane kunne ofte vera utanfor stølsvollen. I Kristiansen (1986) vert det fortalt frå Vik i Holmedal at om morgonen mjølka dei kyrne der dei fann dei, helst før dei hadde stått opp (stod opp halv fire). Om kvelden jaga dei kyrne til mjølkeklassen. Det var bratt og tungt opp til mjølkeklassen på Grønene”. Mjølkeklassar som ikkje var inngjerda vart kalla for leger (Reinton 1955).

Sjølv beitet gjekk heller ikkje på slump. Beista fekk ikkje gå der dei ville. Dei vart kvar dag etter tur av budeiene førde til det beitet som høyrde til

for dagen. Ofte var beitet så vidt og oppdelt i så mange naturlege beitestrekningar at beista ikkje kom att til same beitet heile veka. – altså minst sju beiteskift (Lunde 1953).

Det var mange og lange konflikhtar om stølsrettar, beiterettar og stølskvier . Dette understrekar kor viktig stølane og slåttemarka på stølane var for gardsdrifta på den tida. Ein strid om bruksrett på Viastølen i 1750 – åra i Førde vitnar om dette. I 1750 stemna Ole Larsson Digreneset han Anders B. Via, fordi han fleire gonger hadde sett hesten sin inn i den inngjerda slåttekvia ”*hvorved hans eng og høhesjer er blevne bedervede*” Vidare stemna Anders han Ola for å ha laga nye slåttekvier i beitemarka (stølsmarka.)


Dei fleste slåttene på stølane i Førde kommune vart avslutta i løpet av første halvdel av 1900-talet (Førsund 1990).

4.4. Gjødsl på stølen

Kvia vart gjødsla med husdyrgjødsl frå stølen. I Norsk Etnologisk Gransking (NEG) sine spørjelister om utslåttar frå 1948 står skriv ein brukar frå Naustdal: ”*Til alle stølar låg det kvier. Der fekk ein nytta all den gjødselen som fall på stølen. Frå gamalt av var det lovleg å leggja inn so stor kvie at ein fekk nytta den gjødsli som var på stølen. Men noko meir var det ikkje lovleg å gjerde inn for slått.*”

4.5. Gjerdetypar i utmarka

Som hegn var det vanleg å bruka risgjerde (Grude 1891). Stikkegard er ein anna type gjerde som var vanleg i Sunnfjord (figur 18). Ein slik gjerdetype er omtala i NEG sine spørjelister frå Jølster. Der nytta ein einestikker. Dei sto svært tett, og ein nytta ståltråd til å binda dei saman. I spørjelistene kjem det og fram at steingardar og torvgardar var vanlege å bruke: ”*Markaslåtten vart og varde (verna?) for beiting med å gjerde av større teigar med torv og steingarde* (Norsk Etnologisk Gransking:15). Gamle fotografi syner



Figur 18. Stikkegard på Mortensbakke i Naustdal i 1995.
Foto: Jon Nedkvitne

at nettinggjerdet var i bruk i fylket allereie frå starten av 1900-talet (Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane). Generelt brukte dei det gjerdematerialet som var tilgjengeleg i nærleiken.

4.6. Vegetasjon på stølane

Stølsområda er ei viktige kjelde for norsk natur- og kulturhistorie, og vegetasjon tilknytt tradisjonell stølsdrift er blant dei mest trua vegetasjonstypane som finst i Norden (Emanuelsson 1987, Roald 1999).

Vi har funne lite historisk litteratur om kva som vaks på stølane tidlegare, og har ikkje greidd å funne noko frå Sunnfjord. Frå Sogn og Fjordane finst det ein del nyare undersøkingar av stølsvegetasjonen, men desse er i hovudsak frå beiteområde (Roald 1999, Stoknes 1997, Kvinge 1998).

Tabell 3. Vegetasjon på seterkvier i 1953-54 i Sogn og Nordfjord. Henta frå Lothe 1954.

| Lokalitet | Høgde over havet i meter: | | | | | | | | Frekvens — % | |
|--|---------------------------|-------------|-------------|--------------|-------------------|------------|----------------------|---------------------|--------------|--|
| | Lindviksætra | Hjellesætra | Heggjasætra | Stryne sætra | Austerheimsstølen | Lotsstølen | Kandal- og Nesstølen | Nedre Fresvikstølen | | |
| Hestespreng (<i>Cryptogramma crispa</i>) | | | | | | | | | | |
| Skogburkne (<i>Athyrium filix-femina</i>) | | | | | | | | | | |
| Fjellburkne (<i>A. alpestre</i>) | | | | | | 5 | 5 | 5 | | |
| Dvergjamne (<i>Selaginella selaginoides</i>) | | | | | | | | | | |
| Trådsev (<i>Juncus filiformis</i>) | 10 | 35 | 10 | 20 | 5 | 20 | 20 | 5 | | |
| Ryllsev (<i>J. articulatus</i>) | | | | | | | | | | |
| Engfrytje (<i>Luzula multiflora</i>) | | | | 25 | 15 | | | | | |
| Sæterfrytje (<i>L. frigida</i>) | 50 | 5 | 10 | 60 | 25 | 5 | | 5 | | |
| Flekkmarrihand (<i>Dactylorhiza maculata</i>) | | | | | | | | | | |
| Gulaks (<i>Anthoxanthum odoratum</i>) | 80 | 60 | 55 | 35 | 55 | 65 | 30 | 5 | | |
| Fjelltimotel (<i>Phleum commutatum</i>) | | | | | 35 | 15 | 20 | | | |
| Knereverumpe (<i>Alopecurus geniculatus</i>) | | | | | | 5 | 10 | | | |
| Kvein (<i>Agrostis</i> sp.) | 5 | 55 | 65 | 20 | 75 | 70 | 100 | 20 | | |
| Englodnegras (<i>Holcus lanatus</i>) | | | | | | | | | | |
| Sølvbunke (<i>Deschampsia caespitosa</i>) | 10 | 20 | 25 | 50 | 20 | 65 | 80 | 45 | | |
| Smyle (<i>D. flexuosa</i>) | 25 | 5 | | 25 | 10 | | | 5 | | |
| Knegras (<i>Sieglingia decumbens</i>) | | | | | | | | | | |
| Rapp (<i>Poa</i> sp.) | | | | | | 5 | | | | |
| Fjellrapp (<i>Poa alpina</i>) | 5 | 10 | 30 | | 30 | 35 | 70 | | | |
| Mannasotgras (<i>Glyceria fluitans</i>) | | | | 40 | | | | | | |
| Raudsvingel (<i>Festuca rubra</i>) | 10 | 5 | 25 | | 5 | 15 | 10 | | | |
| Geitsvingel (<i>F. vivipara</i>) | 5 | 5 | | 5 | | | | | | |
| Finnskjegg (<i>Nardus stricta</i>) | 35 | 35 | 15 | 30 | 15 | 15 | | 5 | | |
| Torvmyrull (<i>Eriophorum vaginatum</i>) | 5 | | | | | | | 5 | | |
| Snomyrull (<i>E. Scheuchzeri</i>) | | | | | | 10 | | 5 | | |
| Duskmyrull (<i>E. angustifolium</i>) | | | | | | | | | | |
| Småbjønnskjegg (<i>Scirpus caespitosus</i>) | | | 5 | | | | | | | |
| Tvibustorr (<i>Carex dioica</i>) | | | | | | 10 | | | | |
| Sveltstorr (<i>C. pauciflora</i>) | | | | | | 10 | | | | |
| Stjernestorr (<i>C. echinata</i>) | | | 70 | 10 | 20 | 10 | 25 | 5 | | |
| Gråstorr (<i>C. canescens</i>) | 50 | 35 | 20 | 40 | 25 | 15 | 50 | 5 | | |
| Slåttstorr (<i>C. fusca</i>) | 25 | 30 | 5 | 80 | 25 | | 5 | 5 | | |
| Stivstorr (<i>C. Bigelowii</i>) | | | | | | | | | | |
| Bråtestorr (<i>C. pilulifera</i>) | | | | 5 | | | | | | |
| Bleikstorr (<i>C. pallescens</i>) | | | 5 | | | | | | | |
| Frynestorr (<i>C. magellanica</i>) | | | | 10 | | | | 5 | | |
| Slirestorr (<i>C. vaginata</i>) | | | | | 5 | | | | | |
| Kornstorr (<i>C. panicea</i>) | 5 | 5 | 15 | | 5 | | | | | |
| Gulstorr (<i>C. flava</i>) | 5 | 5 | 10 | | 5 | | | 5 | | |
| Vier (<i>Salix</i> sp.) | | | | | | | | | | |
| Vanleg bjørk (<i>Betula odorata</i>) | | | | | | 5 | | | | |
| Stornesle (<i>Urtica dioica</i>) | | | | | | 5 | 5 | 5 | | |
| Matsyre (<i>Rumex acetosa</i>) | 75 | 35 | 65 | 55 | 25 | 85 | 100 | | | |
| Høymole (<i>R. domesticus</i>) | 5 | | | 5 | | 5 | | | | |
| Småsyre (<i>R. acetosella</i>) | 10 | | | | | | | | | |
| Harerug (<i>Polygonum viviparum</i>) | | | 10 | 15 | 20 | 35 | | | | |
| Vill bok-kveite (<i>Fagopyrum tataricum</i>) | | | | | | | | | | |
| Stolt Henrik (<i>Chenopodium bonus-Henricus</i>) | | | | | | | | | | |
| Sæterarve (<i>Sagina saginoides</i>) | | | | 15 | | | | | | |
| Vassarve (<i>Stellaria media</i>) | | | | | | | | | | |
| Grassstjerneblom (<i>S. graminea</i>) | | | 15 | | | | 5 | | | |
| Breearve (<i>Cerastium cerastoides</i>) | | | | 15 | | | | | | |
| Vanleg arve (<i>C. caespitosum</i>) | | 5 | 10 | 20 | 10 | 15 | | | | |
| Raud jonsokkoll (<i>Melandrium rubrum</i>) | | | | | 5 | | | | | |
| Soleihov (<i>Caltha palustris</i>) | | 35 | 15 | 45 | 5 | | 20 | | | |
| Engsoleie (<i>Ranunculus acris</i>) | 15 | 5 | 65 | | 35 | 55 | 80 | 65 | | |
| Krypsoleie (<i>R. repens</i>) | 5 | 5 | | | | | | 5 | | |
| Engkarse (<i>Cardamine pratensis</i>) | | | | | 5 | | | | | |

Desse studiane viser at beitepress er av dei viktigaste økologiske faktorane som bestemmer plantesamansetjinga på stølane.

Den mest relevante undersøkinga vi har funne er Sogn og Fjordane Landbruksselskap si undersøking av vegetasjonen på seterkvier frå 1953-54 (Lindviksætra og Hjellesætra i Eid, Heggjasætra i Hornindal, Austerheimsstølen, Lotsstølen og Kandal- og Nesstølen i Gloppen) og setervollar (Nedre Fresvikstølen i Sogn, Strynesætra i Stryn). I denne undersøkinga var det heller ikkje gjort undersøkingar på stølar frå Sunnfjord. Dei undersøkte stølane ligg tilsvarende høgde over havet som dei fleste stølane i Sunnfjord (bortsett frå Nedre Fresviksstølen som også har det mest avvikande klima og vegetasjon samanlikna med Sunnfjord) (Lothe 1954). Resultata av undersøkinga er vist i tabell 3.

Tabellen viser at det var mykje gulaks og kvein på dei gamle stølsslåttene på 1950-talet. Gulaks er eit viktig gras å få inn i formidlingsssamanheng, då det er dette gras som gjev den karakteristiske høylukta som er lett å minnst frå "gamle dagar". Det er luktstoffet kumarin som gjev gulakset den sterke høylukta. Andre dominerande artar er ulike starrartar, sølvbunke, matsyre, småengcall, engsoleie, kvitkløver, flekkmarrihand, trefingerurt og sveve.

4.7. Slått og slåttemarkar

Graset på stølane vart slått på seinsommaren, og høyet vart køyrt heim på snøføre om vinteren. På garden Nes i Førde gav ei stølskvie på eit mål tre gode vinterlass hø. Nokre stader i utmarka var det så lite hø at det ikkje viste kvar det vart slått (Førsund 1990). Dette viser at gjødslinga av stølskviene hadde effekt, og at desse slåttene ofte var frodigare enn andre utmarksslåtter.

På tradisjonelt skjøtta slåttemark er vegetasjonen tilpassa sein slått. Førkvaliteten hadde mindre å seie enn mengda når målet var å få dyra til å overleva vinteren (Ekstrøm et.al.1988). Dessutan tok slåttan så lang tid at mykje av slåttemarka vart slått seint av den grunn (Ryssdal 1981). Men det var ei ærressak å slå tidleg. I Innvik gjekk det til dømes sport i å slå



Figur 19. Høv i hesjane på Brulandsstølen i Innvik på 1950-talet.

først på stølen. Bruland (2000) fortel at: ”Det var sport mellom grannene å slå først på stølen. Eit knep var å stå opp så tidleg at grannane ikkje merka det før graset var kome i hesjane. Når stølstausene kjende at høyet var turt, hengde dei opp ”blek”, eit kvitt klede, på ei hes. Det var signal til folka heime at dei måtte kome opp på stølen og få turhøyet inn. Stølslåttan tok slutt 1956-57 (figur 19).

På ein annan gard på Bergset i Innvik brukte dei å leggje ein stor kvit duk på ein stein heime som dei kunne sjå frå stølen. Det betydde at stølsjentene ikkje skulle gå heim for då kom karane opp for å slå stølskvia (Bruland 2000).

Sein slått var ein fordel for plantane. Då rakk dei å utvikle modne frø. Dette er særleg viktig for eitt- og toårige vekstar. Mange slåtteartar har i tillegg tilpassa seg slåttan med å ha mesteparten av plantemassen ned mot

jorda under skjærepunktet, slik at mykje av planten ikkje vart fjerna med høyet (Ekstrøm et.al. 1988).

Generelt var engene utarma på 1700-1800 talet, og engene vart sure. Grasproduksjonen gjekk nedover, og dei måtte skjerma slåttemarka mot beiting. Særleg var vårbeiting skadleg for enga. Men haustbeitet kunne vera bra for enga sin produksjon. Trakk gav rom for nye planter å spire. Små urter fekk konkurransefordelar og gav tettare undervekst påfylgjande vår. Beite skil seg frå slått; beitedyr selekterer vekstar (særleg sau), noko blir ikkje ete (brennesle, sølvbunke), andre blir øydelagde. I tillegg påverkar trakk og gjødsel vegetasjonen (Ekstrøm et.al.1988). Generelt har slåtteng eit større biologisk mangfald enn beite (Norderhaug et.al. 1999).

Det var vanleg med trohesjar på stølane i Sunnfjord, og mange stader var høyet lagra i høystakkar eller i høyløer (Svoen 1993).

Dei gamle hesjane var av tre. Staurane var ofte av bjørk, endestaurane helst av eine. Troene var bjørk eller rogn, og dei var bunde saman av tunne bjørkegreiner. Hesjane var ofte i fem høgder, og vart dei godt vølte år for år, kunne dei vare i fleire mannsaldrar.

I ein kort periode brukte dei snøre, men det varte ikkje lenge før strengen kom. Alt før krigen kom galvanisert ståltråd. Då var det vanleg med seks eller sju høgder på hesjane (Furevik 1990)

4.8. Andre strukturar og bygningar på stølen

Det var mange element på stølane som stort sett er borte i dag. På stølar med slåttekvier, var det vanleg å ha høyløer (Råd 2001). Andre element var til dømes gjødselhaug, kløvstein og mjølkeplass.

Hygiene var viktig når dei arbeidde med mjølk på stølen. Difor fjerna dei ofte møk som låg utanfor inngangspartiet til selet, og la det i ein gjødselhaug. Desse viste att på stølsvollen som karakteristiske komposthaugar med nitrofile (nitrogenelskande) vekstar som til dømes

brennensesle. Meierimester J. Grude skreiv i 1891 at ”*Undertiden kan man i Nærheden af Husene se en eller flere fladagtige Hauge med Overfladen dækket at enligesaa rig som fosen og geil Plantevæxt*” (Grude 1891).

Søndag kom gjerne husbondfolket til støls og då skulle alt vere på stell. Stølsvollen skulle vere rein for kumøk og saueperler. (Kristiansen 1986).

På stølen var det ofte ein stor kløvstein dei brukte å stå på når dei skulle leggja kløv på hesten (Jon Barlund, pers. medd).

Mjølkinga føregjekk som oftast utafor gjerdet på grunn av hygieneomsyn (Grude 1891). Der mjølkinga føregjekk vart ofte kalla for mjølkeplassen.

V. DISKUSJON

5.1. Aktuelle problemstillingar

Fleire museum har arbeidd lenge med å gjenskape kulturlandskap rundt bygningane sine. Erfaringane har avdekka mange problemstillingar kring det å etablere tidsrette kulturlandskap på område som i utgangspunktet er dårleg eigna, slik som stølskulturlandskap i låglandet på Sunnfjord Museum.

I utgangspunktet var problemstillinga for etableringa av stølskulturlandskap på Sunnfjord Museum fylgjande:

- Korleis kan ein etablere tidsrette kulturlandskap på museumsområde som frå naturen si side ikkje er optimale?

Undervegs i prosjektet har det i tillegg kome fram mange aktuelle problemstillingar og spørsmål:

- Bør musea vera arena for å ta vare på sjeldne og utryddingstruga artar og naturtypar frå kulturlandskapet, på same måte som musea har ansvar for å ta vare på eit utval av bygningar frå fortida ?
- Skal museet prioritere å vise tidstypiske kulturlandskap for regionen som ikkje nødvendigvis er artsrike, eller skal musea konsentrere seg om å berge artar som er viktige for det biologiske mangfaldet? Kva er viktigast for museet, rett tidsbilete eller artsrikdom?
- Kva er eigentleg museet si målsetjing på dette ? Finst det målkonfliktar ?
- Kva er eit typisk stølskulturlandskap for Sunnfjord, og korleis såg dette ut på slutten av 1800-talet?
- Kva tidsepoke skal stølen representere? Kva støl skal gjenskapast?
- Korleis bør stølsvollen skjøttast ? Må ein bruke ljå, eller kan ein bruka meir rasjonelle metodar? Når bør ein slå ?Kva skal ein gjera med graset/høyet?
- Kor mykje tid skal museet prioritere på å skjøtta kulturlandskapet?

Desse er blant dei problemstillingane som har vore utgangspunkt for internmøte på Sunnfjord Museum, og seinare på den nasjonale workshopen som vart arrangert for Det Nasjonale Museumsnettverket for Kulturlandskap hausten 2006. Resultat frå prosjektet har såleis blitt formidla til eit breitt publikum.

På workshopen, eller arbeidsmøtet som vi kalla det, møtte nitten personar. Desse representerte seks museum og ein kommune. På seminaret vart det sett fokus på konkret informasjonsutveksling omkring etablering og drift av kulturlandskap på museumsområda gjennom føredrag og diskusjonar. Erfaringar frå dette prosjektet vart formidla og diskutert. Informasjon om prosjektet og arbeidsmøtet er lagt ut på heimesidene til Nasjonalt Museumsnettverk for Kulturlandskap (<http://www.kulturlandskapsnettverk.museum.no/>).

5.2. Oppsummering av diskusjonane

Sunnfjord Museum har jobba med etablering og restaurering av kulturlandskap på friluftsmuseet gjennom mange år, og har ein del erfaringar å ta med seg i diskusjonane.

5.2.1. Målsetjingar

Museet har ein drifts- og skjøtelsesplan som er ei rettesnor for kulturlandskapsarbeidet på museet. Planen byggjer på ei studentoppgåve frå 1994 som hadde til hovudmål å skapa ein heilskap mellom bygningar og kulturlandskap. I denne planen står det at kulturlandskapet på museumsområdet skal gjenspeglja det landskapet som fanst i perioden 1850-1900. Drift og skjøtelsesplanen er følgd opp av ein meir detaljert handlingsplan, men den er ikkje ferdig.

5.2.2. Artsmangfald eller landskapsbilete?

Dei seinare åra har det vorte sett meir fokus på å ta vare på artar og genar. Mange museum har fått i oppgåve å ta vare på levande kulturvekstar som det er lite att av, til dømes frukttre og hageplantar. På Sunnfjord Museum er det i gang eit vitskapeleg forsøk i regi av Høgskulen i Sogn og Fjordane som går ut på å flytte sårbare og tradisjonsrike slåttengartar til museet for bevaring der (Austad et. al. 2004). Mange enger er karakterisert som biologiske kulturminne (Fremstad & Moen 2001). Gamle stølskulturlandskap bør ikkje vere noko unntak. Forsøket med å etablere enga ved Movatnet er nettopp å ta vare på sjeldne og sårbare artar. Er dette ein strategi museet ynskjer å ha som mål for heile museet inkludert stølsområdet? Hauge et.al skriv i 2005 at *”tida no er moden for at musea også skal ta vare på biologiske kulturminne på same måte som dei tek vare på kulturhistoriske bygningar og gjenstandar”*. Men er tida moden for musea?

Sunnfjord Museum er eit kulturhistorisk Museum, og har i utgangspunktet ikkje noko ansvar for å ta vare på naturarven. Museet er ikkje noko naturhistorisk samling, og har ikkje som intensjon å ta vare på utryddingstruga artar i seg sjølv. Musea i Sogn og Fjordane skal ha eit naturhistorisk museumstilbod, og det er difor viktig også å ta omsyn til

artane når ein skal syna eit riktig kulturlandskap kring bygningane. Målet i dag er difor å ha eit truverdig landskap, og kunne noko om dette. Skal kulturhistoriske museum få større ansvar på dette feltet, må dei tilførast meir ressursar i form av kompetanse og meir midlar.

Formidlingsaspektet er viktigast målet med å lage stølsområdet. Stølen på Sunnfjord Museum kan aldri bli eit autentisk stølsområde. Stølsbusa er samla frå ulike stadar fordi det er vanskeleg å få tak i stølsbusa. Området ville heller ikkje vera naturleg å velja for ein støl, men den er lett tilgjengeleg for folk. Målet er å illustrera stølslivet og kor viktig stølen var for garden før i tida, og landskapet vil i hovudsak vere ei kulisser. Den kan og gje inspirasjon og idear til kva ein kan gjera med sin eigen støl (historisk referanseområde). Typiske planteartar for stølskulturlandskapet bør inngå i heilskapen og utnyttast i formidlinga.

5.2.3. Kva stølstype skal gjenskapast på museet?

Det har vore uvisst kva type stølslandskap som skulle gjenskapast på Sunnfjord Museum. Dette har bakgrunn i at det finst så stor variasjon av stølstypar i Sunnfjord. Det vart gjort for lite litteraturstudie før etablering av stølslandskapet vart sett i gang, og mange val måtte difor takast undervegs.

Mange har sitt personlege bilete av ein støl, men kva bilete skulle museet velja? Var det eit stølsområde generelt? Skulle ein då ha med alle element som ein knyter til ein støl? Ein anna måte er å velja ut éin støl til modell. Den modellen prøver ein då å etterlikna så langt som mogeleg. Skal ein prøve å gjera alt så autentisk som mogeleg ved ei gjenskaping, eller skal ein ta praktiske og økonomiske omsyn også? Er den visuelle formidlinga viktigast?

Valet fall på å gjenskape ein ”generell” støl fordi stølsbusa var samla frå ulike stølar. Det vart lagt vekt på å syne ulike kulturlandskapselement som er viktige i formidlinga av støl og stølsliv.

5.2.4. Beite eller slått?

I utgangspunktet var planen at det skulle vera eit beite oppom stølsbusa med irrgroent gras, og ei slåttekvie nedom stølsbusa. Etter kvar gjekk ein

bort frå denne planen, og museet valde å gjerda inn heile stølen til slåttemark (slåttekvie) av fleire grunnar:

- Stølen på museet har lite areal og illustrerer meir mjølkeseterbruk med små stølshus som ofte låg lågare nede, enn eit fullseterbruk som var større og som regel låg på fjellet. Arealet er for lite til å ha både beite og slåttekvie.
- Ein vil halde dyr vekke frå området for at vegetasjonen skal få etablera seg utan at det vert nedtrakka og slite opp av beitande dyr. Dessutan er det fare for at dyra vil ta med seg mykje ugras som tistlar og brennesle om dei går på området.
- Museet vil visa ulike gjerdetypar.

5.2.5. Kva tidsbilette skal stølen vise?

Stølshusa stammar frå ulike tidsperiodar frå slutten av 1800-talet til rundt 1940. På stølsgrjerda er det brukt ståltråd og nettinggjerde, slik at det er mange moment som talar for at landskapet bør syne eit 1940-tals landskap framfor eit 1850-1900-tals landskap. Dette har innverknad for kva plantetypar som bør vekse på stølsområde. Mange planter vart innført på 1900-talet. Det vert difor feil å ha dei i eit 1800-tals landskap. Døme på dette er løvetann, prestekrage og engkarse.

5.2.6. Effektivisering – bruk av moderne skjøtselsmetodar

På Sunnfjord Museum er formidlinga sentral i arbeidet med å laga ein støl. Difor bør også skjøtselen vere så historisk som mogeleg. Området bør bli slått med ljå og graset bør hesjast. Elles er det også tilrettelagt for bruk av traktor som kan nyttast i enkelte høve. Det er viktig at det ikkje viser att traktorspor på stølen. Det vil vere øydeleggjande for heilskapsinntrykket.

5.3. Vurdering av vegetasjonsetableringa

Arbeidet med etableringa av vegetasjonen på stølsområdet har gitt oss nokre erfaringar som er viktig å lære av. Det største problemet er truleg *jorda*. Den burde vore betre. Korleis hadde me kunna få steril jord utan planterestar og frø? Burde det vore brukt meir steril myrjord?

Det andre spørsmålet er *sauemøka*, kva effektar vil den gi? Vil ugrasartane som er tilført gjennom møka føre til problem? Er det mange ugrasartar som kjem inn som me godt kunne vera forutan? Burde det vore bukt anna type gjødsel? Sterile kukompost som er å få kjøpt kunne kanskje minska ugrasproblemet.

Det tredje spørsmålet er om det burde vore brukt mindre gjødsel og kalk? Er det risiko for at mykje gjødsel og kalk vil føre til ei altfor frodig vegetasjon som vil gje eit "feil" visuelt inntrykk, og favorisere moderne næringskrevjande engartar som har følgd med jorda? Eller fører kalk og gjødsel til er raskt vegetasjonsetablering som fører til mindre ugras? Dette vil tida vise, men det som kom opp i løpet av sommaren kunne tyde på at vegetasjonen er i frodigaste laget, særleg på nedsida av stølen der det er tilført mykje jord. Det kan sjå ut som jorda er eit større problem enn gjødsla som stort sett fører med seg eittårige ugras som vil forsvinne av seg sjølv.

Eit frodig område ville ikkje vere noko problem dersom det skulle vore eit beite. På stølsvollar som er beita er det både næringsrikt av gjødsel og grønt. Problemet er at området skal vere ei slåttemark og ikkje eit beite. Ei gamal slåttemark var som regel utarma og hadde lite gras. På stølane hadde dei tilgang på litt møk som dei brukte på slåttemarka, slik at desse engene kunne vere frodigare enn andre utmarkslåttene som aldri vart gjødsla. Likevel er det truleg for mykje gjødsel på stølen i utgangspunktet, og enga må utarmast gjennom slått og at ein fjernar graset dei første åra, slik at slåttekvia etter kvart vil få eit magrare og meir fjellaktig preg.

Vart det brukt rett frøblanding? Vegetasjonen vart også sådd med tanke på å skape ein grøn stølsvoll som vert laga av beitedyr. Det burde generelt vore eit større artsmangfald for å skape ei truverdig slåttemark, men vegetasjonen på stølane kunne også variere mykje avhengig av variablar som jordsmonn, geografi, høgde over havet, fukt og beitepress. Vi vil likevel tilrå å tilføre fleire slåtteartar til slåttekvia, jamfør tabell 3.

Innplanting av myrflol og tepperot var opphaveleg tilrådd på stølsvollen der det var beite, og desse var ikkje så vanlege på slåttekviene. Desse er små urter som kan bli kvelt dersom graset blir for frodig. Slåtestarr derimot svært vanleg på slåttekvier.

Generelt gjorde tidspresset i prosjektet at det var gjort for lite forundersøkingar av litteratur og av stølsområda i regionen.

5.4. Vurdering av slåttekvia

Litteraturstudiet viser at det var eit mangfald når det gjeld utforming og bruk av slåttekvier i Sunnfjord. Nokre stader vart stølskvia beita, andre stader ikkje. Dette hadde nok samanheng med kor kritisk fôrtilgangen var. På 1800-talet vart høyet svært verdfullt, og det var difor vanleg å skjerme slåttene mot beitedyr. Utpå 1900-talet var det ikkje så kritisk med fôret som tidlegare.

Både praktisk og historisk sett kan det vera rett å ikkje beita på stølsvollen, i alle fall ikkje dei første åra. Gjerda som er sett opp på museumsstølen viser eit tidsbilete frå ein tidleg 1900-tals støl. Då var det truleg vanlegare å beita stølskvia. Difor kan museet med fordel sleppa beitedyr innom gjerdet på stølsvollen etter slåtten. Dette må skje etter at vegetasjonen har etablert seg skikkeleg, etter nokre (3) år.

5.5. Vurdering av bekken

Det finst ikkje ein støl utan ein bekk i nærleiken, og det fanst ofte ei kjelde i nærleiken av stølen. Dette var eit kritisk punkt med etableringa av stølen på friluftsmuseet, og avgjerande for plasseringa. Arbeidet med å lage bekk var vanskeleg, og det skal arbeidast vidare med for å få eit betre resultat. Bekken bør utbetrast med finare kantar og klarare vatn. Steinsetjing langs kantane vil truleg gje eit bra resultat (Ingvild Austad pers. medd.)

Det bør og lagast ei kjelde. Kjeldene var ofte oppmurt slik at det vart betre plass å setje mølka til avkjøling der. Vegetasjonen rundt kjeldene var og karakteristisk med den irgrøne kjeldemosen, stjernesildre og kjeldegras.

Desse krev kalkrikt grunnvatn, noko som truleg vil vere vanskeleg å få til på museet.

5.6. Vurdering av landkapselementa

Både landskapet med stølsvoll og fjell i dagen, og kulturlandskapselementa med gjerde og heller gjev eit truverdig bilde av ein gamal støl.

VI. OPPSUMMERING

I dette prosjektet har Sunnfjord Museum laga ein typisk sunnfjordstøl som illustrerer eit mjølkeseterbruk frå rundt 1940. Stølen består av fire bygningar og ein 1,5 da stor stølsvoll utforma som eit mest mogeleg korrekt historisk kulturlandskap. Stølsvollen er inngjerda med ulike typar historiske gjerde som ei slåttekvie. Stølen på Sunnfjord Museum kan aldri bli eit autentisk stølsområde.

Som heilskap er tiltaket med å etablere stølskulturlandskap på Sunnfjord Museum vellukka. Stølsbygningane ligg fint i landskapet, og kulturlandskapselementa med ulike gjerdetypar, heller, gjødselhaug og kløvstein skapar eit truverdig bilde av ein støl. Det var særst viktig at det let seg gjere å legge ein bekk i tilknytning til stølen. Heilskapen vil vere viktig i formidlinga. Formidlingsaspektet har vore viktigast målet med å lage stølsområdet.

Vegetasjonsetableringa kom litt skeivt ut. Vegetasjonen kan uansett ikkje bli rett når stølen ligg der den ligg. Artssamansetjinga kan forbetrast gjennom innplanting av fleire artar. Landskapsbiletet vil likevel truleg bli bra når vegetasjonen blir mindre frodig, og ugraset kjem under kontroll.

Viktige problemstillingar har vorte sett på dagsorden i løpet av prosjektet som har skapt diskusjonar på tvers av fag og museum. Mange museumstilsette har blitt meir bevisste på kva ein vil med kulturlandskapet, og viktige val for framtida har vorte sett på dagsorden. Samarbeidet mellom fleire museum har vore positivt.

Kulturlandskapa på musea bør vere meir enn ei kulisse. Musea kan på sikt spela ei viktig rolle i arbeidet med å ta vare på delar av det tradisjonelle kulturlandskapet. Men dette er eit nytt fagfelt for mange museum, og dei fleste manglar kompetanse på dette området. Pr. i dag er det kulturhistoria som har prioritert. Nye fagområde krev meir kompetanse og meir midlar.

Prosjektet var vorte formidla til omverda gjennom eit nasjonalt arbeidsmøte (workshop) og gjennom nettsidene til nasjonalt Museumsnettverk for kulturlandskap.

VII. SKJØTSELS- OG TILTAKSPLAN

Tiltaksplan 2007

- Lage hesjar på stølen, ei trohes og ei strenghes?
- Mure opp kjelde
- Reinske bekken. Legge duk og grus i botnen. Steinsetje kantar.
- Flytte nye artar til slåttekvia. For å få riktige artar kan det vera lurt å flytta artar frå nærliggjande stølar. Med tanke på at stølen på museet ligg lågt, kan det vera lurt å sjå på dei nedste mjølkestølane.
- Dokumentere utviklinga i vegetasjonen på stølsområdet

Tiltak etter 2007

- Få tak i høyløe og setje den opp i nedkant av stølskvia.
- Hogge meir skog mot Movatnet

Skjøtselsplan 2007 og 2008

- Slå området fleire gonger for å nedkjempe eittårig ugras, kveke og raigras.
- Dra opp høymolar med rota.

Skjøtselplan etter 2008

Kvart år må området slåast med ljå. Graset bør hesjast. Skjøtselen bør vere så historisk som mogeleg, og brukast i formidlinga. Grindane bør opnast for beite etter slått. Det bør ikkje kalkast eller gjødslast dei første 10 åra, ut over det som kjem med beitedyra.

Så lenge museet manglar høyløe til å ha høyet i, kan høyet lagrast i skotet på fjøsen eller i fjøsen. Det viktigaste er at høyet vert frakta vekk. Dersom dette og skal inngå i formidlinga, bør høyet køyrast med hest og slede på vinterstid.

VIII. LITTERATUR

- Austad, I., Natlandsmyr, B., Rydgren, K., Byrkjeland, L., Auestad, I. 2004.** *Bevaring av genressurser. Etablering av urterik slåtteng. Bakgrunn, problemstillinger og metoder.* HSF-notat ¾. Seksjon for landskapsøkologi, Høgskulen i Sogn og Fjordane.
- Bruland, A.T. 2000.** Arbeid og arbeidsmåtar på garden i eldre tid. Årbok for Nordfjord 2000. 42-62.
- Bull, Edv. 1929.** *Sammenlignende studier over bondesamfundets kulturforhold.* Instituttet for sammenlignende kulturforskning.
- Byrkjeland, L. 2005.** *Handlingsplan for utmarksområdet til Sunnfjord Museum.* In prep.
- Ekström, U., Aronsson, M., Forshed, N. 1988.** *Angar. Om naturliga slåttemarkar i odlingslandskapet.* LTs forlag; Stockholm
- Emanuelsson, U. 1987.** *Oversikt over det nordiska kulturlandskapet. I: Biotoper i det nordiska kulturlandskapet.* Nordiska ministerrådet.
- Furevik, M. 1990.** Godt høy i løa. Jul i Sunnfjord. Sunnfjord Sogelag
- Førsund, F. B. 1990.** Førde bygdebok. Utgitt av Førde kommune
- Grude, J. 1891.** *Stølsdriften paa Vestlandet.* Det kgl. Selskab for Norges Vel, Stavanger.
- Hauge, L., Byrkjeland, L., Austad, I. & Engesæter, Aa. 2005.** *Kulturlandskap og Museum.* Seksjon for Landskapsøkologi, AIN, Høgskulen i Sogn og Fjordane og De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum.
- Hjellebrekke, M.H. & Stehen Kluck, S.A. 1994.** Drifts- og skjøtselsplan for Sunnfjord Museum. Kandidatoppgåve Landskapsforvaltning og – planlegging SFDh 1993/94.
- Kristiansen, A. 1986.** Stølsminne frå Vik i Holmedal. Jul i Sunnfjord. Sunnfjord Sogelag.
- Kvinge, J. 1998.** *Hjellesetra i Eid kommune, Sogn og Fjordane. Vegetasjonsøkologi, vegetasjonsendring og plan for istandsetjing og skjøtsel av kulturlandskapet.* Cand. Scient oppgave i økologi, Botanisk institutt, Universitetet i Bergen
- Lothe, Anders 1954.** *Om sæterdrift og beitetilhøve i Sogn og Fjordane.* Sogn og Fjordane landbruksselskap.
- Lunde, Jens 1953.** *Stølsdrift i Sogn og Fjordane* s. 93-96 i Det norske næringsliv – Sogn og Fjordane fylkesleksikon.
- Måren, I.E., Eklund, K. 2005.** *Einstape – hvordan bekjempe den i kulturlandskapet.* Blyttia 63: 147-155.
- Naustdal kommune 1995.** Natur og kultur i Naustdal 1995:.
- Norderhaug, A., Austad, I., Hauge, L. & Kvamme, M. 1999.** (red.): *Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle, norske kulturmarker.* Landbruksforlaget.
- Norsk Etnologisk Gransking (NEG): 15.** Gjerde: Jølster og Fjaler.
- Pettersson, M. 2006.** *Enga si historie.* Fordjupningsoppgåve i lokalhistorie 2005/2006, Høgskulen i Sogn og Fjordane (upubl).
- Reinton, Lars 1955.** *Sæterbruket i Noreg – 1. sætertypar og driftsformer.* Instituttet for sammenlignende kulturforskning, Oslo.

Roald, S.K. 1999. *Kulturlandskapet på støler I Vest-Norge; Vegetasjonstyper og økologiske gradienter.* Cand. Scient oppgave i økologi, Botanisk institutt, Universitetet i Bergen

Råd, K. 2001. Støylar i Helgheim sokn.

Sogn og Fjordane Landbrukssekskap 1954. Om seterdrift og beitetilhøve i Sogn og Fjordane. Omlegging av sæterdrifta. Dyrking av beite og vinterfor til fjells.

Stoknes, K. 1997. *Human-Induced effects on vegetation. A quantitative community level study on alpine summer farms in Sogn, Western Norway.* Cand scient oppgave I kvantitativ økologi. Botanisk institutt. Universitetet i Bergen.

Sundt, H.A. 1956. *Vestlandsk stølsliv* s. 117-127 i Den Norske Turistforenings Årbok 1956.

Sunnfjord Museum 1985. *Tradisjonell bruk av mjølk.* (utrykt undervisningsopplegg)

Svoen, S. 1993. Støl og stølsliv i Naustdal. Sogeskrift for Naustdal. Naustdal Sogelag:

Sætherskar 1953. Det norske næringsliv. Sogn og Fjordane Fylkesleksikon. Det Norske Næringsliv Forlag, Bergen.

Timberlid, Jan Anders 1988. *Driftsendringar i jordbruket som årsak til forsuring av norske vassdrag – Ein samanliknande studie av utmarksbruket på Vest- og Sørlandet i perioden 1850-1980.* Økoforsk rapport 1988:14.

Ve, Søren 1950. *Um stølsdrifti på Vestlandet* s. 16-47 i Hordaland landbruksmuseum årbok 1950.

Aarskog, H. 1973. *Høyning i utmarki* s. 40- 47 i Balestrand gard og grend. Hefte 1. Sogeskrift ved bygdeboknemndi.

Øye, I. 2006. Landbruket i historisk lys. I: Helle K., Grepstad, O., Lillehammer, A., Tryti, A.E. Vestlandets historie. Natur og næring.

UTRYKTE KJELDER

Norsk Etnologisk Gransking (NEG): 15. Gjerde: Jølster og Fjaler.
Norsk Etnologisk Gransking – Spørjelister. Gamal engkultur.
Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, fotoarkiv.

MUNTLEGE KJELDER

Inger Austad, stipendiat, Høgskulen i Sogn og Fjordane
Knut Rydgren, professor, Høgskulen i Sogn og Fjordane
Lars Nesheim, forskar, Bioforsk
Jon Barlund, handverkar, Sunnfjord Museum
Felleskjøpet Vest